

Fråværsreglar

Fråværsreglane er ein del av skulereglane og gjeld for elevar ved Vestborg vgs.

§ 1. Alt fråvær skal meldast til skulen. Eleven melder fråvær i InSchool.

Eleven eller foreldra skal melde om fråvær til kontaktlærer første fråværsdag. Må eleven forlate skulen grunna sjukdom eller andre årsaker, skal kontaktlærer eller faglærer ha beskjed.

Elevar som kjem for seint, har rett til å delta i opplæringa. Oppmøte etter at undervisningstimen har starta, blir som hovudregel registrert som merknad om forseintkomming. Dersom eleven kjem meir enn 20 minutt for seint, vert det rekna som fråvær frå timen. Det skal ikkje registrerast fråvær for undervisningstimen når eleven får merknad om forseintkomming.

Viss forseintkomminga skuldast forhold som er utanfor eleven sin kontroll, som for eksempel at bussen er forsinka, skal ikkje eleven ha merknad og det skal ikkje først fråvær.

§ 2. Fråværsgrensa i vidaregåande skule er på ti prosent av årstimetalet i eit fag. Elevar som har meir enn ti prosent fråvær, kan ikkje få standpunktkarakter i faget eller halvårsvurdering med karakter ved slutten av skuleåret i fag som går over fleire skuleår.

Eleven har ansvar for å legge fram eigenmelding, dokumentere eller på annan måte gjere greie for fråværet til sin kontaktlærer. Ved planlagt fråvær bør eleven melde om fråværet på førehand.

Eleven kan levere eigenmelding for fråvær av helsegrunnar opp til fråværsgrensa på ti prosent. Når eleven har nådd grensa på ti prosent fråvær i eit fag (ved helserelatert og udokumentert fråvær samanlagt), må eleven dokumentere ytterlegare helserelatert fråvær med dokumentasjon frå helsepersonell.

Fråvær som ikkje er meldt, blir ført som udokumentert fråvær og rekna inn i fråværsprosent i fag. Udokumentert fråvær kan føre til nedsett karakter i orden eller oppførsel.

Elevar som har høgare risiko for helserelatert fråvær, kan likevel leggje fram eigenmelding etter at ti prosent er nådd dersom dette er dokumentert av helsepersonell.

Eksempel på dette kan vere kronisk eller langvarig sjukdom. Dokumentasjon frå helsepersonell bør leggjast fram så snart som mogleg.

Det er ikkje krav om at dokumentasjonen skal gi skulen informasjon om kva for helseplager eleven har. Det held at dokumentasjonen stadfestar at fråværet skuldast sjukdom eller andre helseforhold.

§ 3. Eleven må følge med på eige fråvær, og melde frå om eventuell feilføring til faglærar/kontaktlærar. Eleven må også melde frå til kontaktlærar om timefråvær som skal gjerast om til heildagsfråvær. Hovudregel er at melding om feilføring og omgjerung av fråvær skal bli gitt innan 2 veker etter fråværsdato.

§ 4. Fråvær som skuldast sjukdom eller andre helseforhold

Fråvær på grunn av «sjukdom eller andre helseforhold» kan for eksempel vere sjukdom, skade, legetime, tannlegetime, time hos BUP eller liknande. Avtale med skulehelsetenesta gjev ikkje fråvær.

Eleven kan levere eigenmelding for fråvær som skuldast helseforhold i opptil ti prosent av timane i eit fag. Dette inneber at eleven kan forklare fråværet utan å oppsøke helsepersonell. Eigenmelding som dokumentasjon på helserelatert fråvær gjeld opp til ti prosent. Unntak gjeld for elevar som har høgare risiko for helserelatert fråvær, sjå § 2.

Elevar som har nådd fråværsgrensa, må legge fram dokumentasjon frå helsepersonell ved meir helsefråvær for at fråværet ikkje skal telje på fråværsgrensa. Dokumentasjon frå helsepersonell blir altså først unnateke fråværsgrensa ved fråvær som overstig ti prosent.

Sjølv om dokumentasjon frå helsepersonell først får betydning for helserelatert fråvær som overstig ti prosent, må skulen ta imot det eleven leverer som dokumentasjon. Oppbevaring av dokumentasjon skal vere i samsvar med skulen sine rutinar. Dokumentasjonen kan påverke fråværet på vitnemålet.

§ 5. Fråvær som har andre årsaker

Fråvær vil ikkje telje med i fråværsgrensa dersom den har ein av følgande årsaker og eleven kan dokumentere det:

- velferdsforhold, som for eksempel alvorleg sjukdom i familien, gravferd, omsorgsoppgåver for eigne barn, konfirmasjon
- andre religiøse høgtidsdagar enn dei offentlege heilagdagane, avgrensa til to dagar, jf. [trussamfunnslova § 18](#)

- lovpålagt oppmøte, som for eksempel innkalling til rettssak, vitne i rettssak, sesjon
- arbeid som tillitsvalt, som for eksempel representant i kommunen sitt ungdomsråd, deltaking på møte eller anna arbeid i Elevorganisasjonen
- politisk arbeid, som for eksempel medlem i kommunestyret, Ungdommens fylkesråd, Ungdommens fylkesting, politiske utval på fylkesnivå, landsmøtedelegat for eit politisk parti, partirepresentant i skuledebattar
- hjelpearbeid, som for eksempel deltaking i leiteaksjonar via humanitære organisasjonar, deltaking i pålagde øvingar/trening til hjelpearbeid i humanitære organisasjonar
- tryggleikskurs på bane, andre og tredje del av tryggleikskurs på veg og førarprøve for klasse B (både teoretisk og praktisk prøve), jf. [trafikkopplæringsforskrifta § 11-6, § 11-8 og § 30-2](#), og [privatskuleforskrifta § 6-8 h](#))
- representasjon på arrangement på nasjonalt og internasjonalt nivå, som for eksempel deltaking på ulike idrettsarrangement/meisterskap/stemne, deltaking på konsertar, kunst- eller kulturarrangement

Unntak frå fráværsgrensa gjeld ikkje for andre delar trafikkopplæring enn dei som er nemnt under privatskuleforskrifta § 6-8 h. Unntak gjeld ikkje for anna type trafikkopplæring enn til klasse B.

Desse årsakene er identiske med dei som gjeld for frávær som kan bli unntatt frå føring på kompetansebevis og vitnemål, sjå § 9.

§ 6. Rektor sjølv kan avgjere at ein elev som til saman har opp til femten prosent eigenmeldt eller udokumentert frávær i eit fag, likevel kan få karakter dersom årsaka til fráværet gjer det klart urimeleg at fráværsgrensa skal gjelde. Faglæraren må i alle høve ha tilstrekkeleg grunnlag for å gi karakter, jf. [privatskuleforskrifta § 6-2](#).

§ 7. Elevar skal alltid ha skriftleg varsel straks det er fare for å ikkje få vurdering med karakter i eit fag, jf. [privatskuleforskrifta § 6-7](#). Dersom eleven ikkje er myndig, skal også foreldra/føresette varslast. Varsel skal sendast i god tid. Føremålet med varselet er at det framleis skal vere mogleg for eleven å få halvårsvurdering med karakter eller standpunktkarakter i faget.

§ 8. Er eleven borte frå opplæringa grunna ein rett ho/han har etter opplæringslova, skal ikkje fráværet telje med i fráværsgrensa. Slikt frávær kan til dømes vere:

- rådgiving på skulen/avtale med rådgivar
- utredning som blir gjennomført av PP-tenesta og/eller Statped
- organisert studiearbeid som er avtalt med faglærar på førehand
- elevrådsarbeid, skuleadministrativt arbeid og deltaking på elevting i regi av Elevorganisasjonen og liknande, som er godkjent av skulen
- avtalt samtale med rektor eller andre tilsette
- intervju til læreplan
- særskilt, ny og utsett eksamen. Dersom eleven ikkje møter til eksamen, skal det førast fråvær.
- privatisteksamen, dersom den er ein del av fagvalet til eleven og eleven treng eksamen for å få vitnemål
- opplæring i heimen eller på institusjon på grunn av langvarig sjukdom eller liknande. Dette blir rekna som ein del av den ordinære opplæringa og blir derfor ikkje rekna som fråvær.
- dersom årsaka til fråvær frå opplæringa er situasjonar/forhold som openbert ligg utanfor eleven sin kontroll, for eksempel forsinka kollektivtrafikk, kan rektor avgjere at det likevel ikkje skal førast fråvær.

Feriereiser skal reknast som fråvær, og kan ikkje avtalast som organisert studiearbeid.

§ 9. Ein elev kan krevje at opp til ti fråværsdagar i løpet av eit skuleår ikkje blir førte på vitnemålet eller kompetansebeviset, dersom det blir lagt fram slik dokumentasjon som er nemnd i § 5.

Krav med tilhøyrande dokumentasjon bør komme frå eleven snarast mogleg etter fråværet.

Fråvær på grunn av sjukdom eller andre helseforhold må ha vart i meir enn tre dagar for ikkje å bli ført på vitnemålet eller kompetansebeviset, og det er berre fråværet frå og med den fjerde dagen som kan strykast. Dersom ein elev har ein dokumentert høgare risiko for helserelatert fråvær, kan fråværet likevel strykast frå og med den første fråværsdagen som nemnt i § 2.

§ 10. Eleven kan krevje at årsaka til fråværet blir ført på eit vedlegg til vitnemålet eller kompetansebeviset, jf. opplæringsforskrifta § 9-53 tredje ledd.

Vedteke av styret for Vestborg vgs AS 5.2.2026.

Grunnlaget for fraværsreglementet er:

- [Privatskulelova § 5A-6 Elevane si plikt til å delta og skulens oppfølgingsplikt](#)
- [Privatskuleforskrifta § 6-2 Formålet med og grunnlaget for vurdering i fag](#)
- [Privatskuleforskrifta § 6-7 Varsling om at karakteren kan falle bort eller bli sett ned](#)
- [Privatskuleforskrifta § 6-8 Fraværsgrense i vidaregåande skole](#)
- [Privatskuleforskrifta § 6-16 Standpunktkarakterar i fag](#)
- [Privatskuleforskrifta § 6-50 Føring av fravær i vidaregåande opplæring](#)
- [Privatskuleforskrifta § 8-1 Foreldremøte og foreldresamtale](#)
- [Rundskriv om fraværsgrensen \(udir.no\)](#)